

Austebygd skule,
5939 Sletta

Til føresette ved Austebygd skule

Julegudsteneste 2018

Onsdag 19. desember kl. 08.15, er det julegudsteneste for skulen i Emigrantkyrkja.

I samsvar med §2-3a i Opplæringslova vil skulen planleggja, førebu og gjennomføra eit likeverdig alternativ på skulen for elevar der foreldra melder om fritaking for eleven frå å delta i gudstenesta.

I alternativt opplegg på skulen, vil me ha fokus på å læra om jul og juletradisjonar i Norge i ”gamle dagar”, sang og lytting/høgtlesing av juleforteljingar.

I Opplæringslova står det:

§ 2-3a. Fritak frå aktivitetar m.m. i opplæringa

...Elevar skal etter skriftleg melding frå foreldra få fritak frå dei delar av undervisninga ved den enkelte skulen som dei ut frå eigen religion eller eige livssyn opplever som utøving av ein annan religion eller tilslutning til eit anna livssyn, eller som dei på same grunnlag opplever som støytande eller krenkjande. Det er ikkje nødvendig å grunngi melding om fritak etter første punktum....

Dersom det er elevar som ikkje skal delta på gudsteneste den 19. desember, må skulen få skriftleg melding frå foreldra om dette. Får skulen ikkje noko tilbakemelding, reknar me med at eleven skal vera med på julegudstenesta.

Austebygd skule 26.11.2018

Vigdis Villanger
rektor

MELDING OM FRITAK FRÅ JULEGUDSTENESTE

Eg melder frå om at _____ som går på _____ årstrinn.

ikkje skal delta på julegudstenesta 19/12-18, men i staden vera med på alternativt opplegg på skulen.

_____ stad

_____ dato

_____ underskrift

Meldinga skal rettast til rektor og leverast seinast onsdag 12. desember.